

TILSYN

Kommunal beredskapsplikt



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Avvik nr. 1

Rauma kommune har ikke med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen fastsett langsigtige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet.

Regelverkstilvising:

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3, første ledd, litra a.

Utdjupande kommentar:

Rauma kommune manglar overordna forankring av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Mål, strategiar, prioriteringar og plan er ikke fastsett, verken i samband med utarbeiding av heilskapleg ROS-analyse eller i andre strategiske planar.



Styringsdokument for Beredskap



www.rauma.kommune.no

Versjon 12.02.15

Overordna målsetting i Rauma kommune
Skjematisk oversyn over beredskapsarbeidet i Rauma
Nærare om ansvar og mynde i Rauma kommune
Beredskapsrådet
Lovgrunnlag
Andre føringar
Pålegg retta mot kommuneverksemda
ROS - Risiko- og sårbarheitsanalyser
Lokal handtering av krisesituasjonar, katastrofar og ulykker
Opplæring
Øving
Evaluering
Ajourhald/revisjon

Vedlegg 1- Beredskapsdokument i Rauma kommune og ansvarlige.

Hovudmålsetting:

Rauma kommune har som hovudmålsetting å redusere farer gjennom forbyggende tiltak og bidra til å skaderedusere uønskte hendingar i lokalsamfunnet.

Rauma kommune skal i første rekke iverata personar med opphold i kommunen og levere viktige tjenester uansett situasjon.

Delmål:

- ✓ Rauma kommune skal ta omsyn til samfunnssikkerheit, krise og beredskap gjennom å integrere hovudmålsettinga i all relevant planarbeid.
- ✓ Rauma kommune skal vere førebudd på kriser og uønskte hendingar gjennom å bruke overordna risiko- og sårbarheitsanalyser (ROS) for samfunnet, og ROS i tjenesteproduksjon.
- ✓ I ein krisesituasjon skal Rauma kommune gjennomføre raske tiltak og så langt som råd, halde i gang dei viktigaste tenestefunksjonane med tanke på å sikre liv, helse og verdiar.

Kommunestyret

Beredskap
styringsdokument



Risiko –og sårbahetsvurdering

Beredskapsplan
overordnet



Beredskapsplaner
enheter



Dette hovudprinsippet synleggjer at både kommuneleiinga, einingsleiarane og aktuelle fagansvarlege har eit definert ansvar for beredskapsarbeidet.

Kommunestyret vedtek overordna mål og retningsliner for alt kommunalt arbeid som har med samfunnssikkerheit, krise og beredskap å gjere.

Formannskapet fører tilsyn med at politiske vedtak blir følgd opp og kan gje retningsliner for arbeidet på tenestenivået med tanke på fagplanar, samordningstiltak etc. i kommunen.

Ordføraren har ansvar for vurdering/revidering av samfunnssikkerheit og beredskapsmål. Ordføraren har det overordna ansvaret for kriseleiinga i kommunen.

Rådmannen skal følgje opp dei overordna måla for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap på tenestenivå og er mellom anna ansvarleg for å koordinere aktivitetane i kommuneorganisasjonen. Rådmannen skal følgje opp dei einskilde einingane og er med i kommunen si kriseleiing.

Kriseleiinga i Rauma kommune har delegert mynde til å treffe nødvendig avgjerd om tiltak i ein krisesituasjon.

Kommune si krieseleiing har desse medlemmene:

- ordførar - leiar
- rådmann
- beredskapskoordinator
- kommunikasjonsrådgjevar
- lensmannen i Rauma
- + ev. andre fagpersonar som vert vurdert naudsynt.

Vararepresentantar til den kommunale krieseleiinga er tilsette som har den aktuelle funksjonen, alternativt den som rådmannen peikar ut.

Kvar einskild einingsleiar har delegert ansvar og mynde med tanke på særskilde planar og tiltak innan sine, definerte ansvarsområde.

Beredskapskoordinatoren er ein fagansvarleg som på vegne av rådmannen og ordføraren følgjer opp og koordinerer arbeidet med krieseleiingsplanen og det tverrfaglege perspektivet i arbeidet med samfunnssikkerheit, krise og beredskap i Rauma kommune.

Ordfører kaller inn gruppa til møte minst ein gong pr.år.

Krieseleiinga har fullmakt til sette i verk nødvendige tiltak innanfor ei økonomisk ramme på 500.000 kr.